

**STORDAL KOMMUN**



*- der folk trüust !*

**STORDAL KOMMUNE**

**AREALDELEN**

**I**

**KOMMUNEPLANEN**

**2003-2011**

**UTFYLLANDE TEKST TIL AREALDELEN**

Revisjon nr. 2 /2003.

1.	LOVGRUNNLAGET	3
2.	PLANSITUASJONEN	3
	2.1 Plankartet	3
	2.2 Arealdelen	3
	2.3 Gjeldande reguleringsplanar	4
	2.4 Disposisjonsplanar (Vedtekt til §8 i bygn.lova av 1965)	4
	2.5 Reguleringsplanar under arbeid	5
	2.6 Arealdelen sin verknad på eldre planar	5
3.	MÅL OG RETNINGSLINER	5
4.	AREALBRUKEN	
	4.1 Bustadområda	5-8
	4.2 Industri	9
	4.3 Andre næringsområder	9-10
	4.4 Fritidsbygningar	10
	4.5 Skule og undervisning	11
	4.6 Offentlig administrasjon	11
	4.7 Helse og sosialomsorg	11
	4.8 Kyrkje og kultur	11
	4.9 Idrett	11
5.	LNF- områder (landbruks-, natur- og friluftsområder)	11
6.	BANDLAGDE OMRÅDER	11-12
7.	VASSDRAGS- OG SJØOMRÅDER	12
8.	VEGAR	12
	8.1 Riksveg 650	12-13
	8.2 Fylkesveg 101	13
	8.3 Kommunale vegar	13
	8.4 Parkeringsplassar	14

## 1. LOVGRUNNLAGET

Regelverket om kommuneplanlegging vart fastlagt i den nye plan- og bygningslova av 1985, med virkning frå 01.juli 1986. Det har seinare kome til ein del endringar.

Ein kommuneplan har fylgjande innhald:

<i>Langsiktig del:</i>	<b>”Mål”</b>	-overordna politiske mål som er vedtekne av kommunestyret.
	<b>”Retningslinjer”</b>	-som gjeld kommunen si sektorplanlegging, men også sektorplanlegging på fylkes- og riksnivå.
	<b>”Arealdel”</b>	-fysisk plan som konkret og kartfesta viser kva areal og naturressursar innanfor kommunen kan nyttast til. Dette er det einaste dokumentet i kommuneplanen som får rettsleg verknad, sjå pbl. §20-6.
<i>Kortsiktig del:</i>		Den kortsiktige delen skal innehalde ein ”samordna handlingsplan”. Det vil seie ei samla vurdering og prioritering av dei einskilde sektorane si drift og tiltak med sikte på gjennomføring. Fullmakt til handling får administrasjonen likevel berre gjennom dei årlege budsjettvedtaka.

**Arealdelen inngår i kommuneplanen sin langsiktige del. Han skal ta utgangspunkt i dei overordna retningslinjene i kommuneplanen, og skal leggjast til grunn for å sikre gjennomføringa av nasjonale, regionale og lokale oppgåver. (Sitat frå plan- og bygningslova).**

## 2. PLANSITUASJONEN.

### 2.1 Plankartet.

Arealdelen er eit kart over kommunen som viser arealbruken. Planen er utarbeidd på digitalt kartgrunnlag, i SOSI-format. Målestokken er valt ut frå å få heile kommunen på eit kartblad. Ved at både planen og kartgrunnlaget er digitalt kan arealdelen skrivast ut i andre målestokkar.

Arealdelen bør ikkje ha stor detaljeringsgrad, dette fordi ein vanskeleg kan ta stilling til lokale detaljar på dette steget i planlegginga. Detaljane skal drøftast i samband med utarbeidinga av reguleringsplanar, eller ved handsaming av einskildsaker der det ikkje er krav om reguleringsplan.

### 2.2 Arealdelen

Fyrste utgåva av kommuneplanen sin arealdel vart godkjent hausten 1990. 1. revisjon av planen var godkjent hausten 1995.

Utgåva i 1995 bestod av:

- oversiktskart
- delplan Dyrkorn
- delplan Stordal
- delplan Utmark
- delplan riksveg Seljeneset – Visettunnel.

Delplan Utmark vart rullert i 2001/2002 og godkjent i kommunestyret den 04.04.02. Når det gjeld revisjon av resterande planmateriale har ein etter samråd med Møre og Romsdal fylkeskommune gått vekk frå delplanar. . Vurderinga er gjort m.a. utifrå tidsbesparelse og at ein pr. i dag gjennom reguleringsplanar for bl.a. tettstadane har rimeleg god arealbruksoversikt.

I revidert utgåve 2003 utgår såleis delplanane: *Dyrkorn, Stordal, riksveg Seljeneset – Visettunnelen. Ved neste planrevisjon tek ein sikte på at også delplan utmark går ut.*

I forkant av 2. gongs revisjon av arealdelen er det gjennomført **stadanalyse av Stordal sentrum** (1998) som grunnlag for utarbeiding av sentrumsplanen. I analysearbeidet har hovudspørsmåla, sett i eit 20-års perspektiv, vore: ny riksveg eller ikkje, sentrumsutvikling kvar og korleis, sentrumsopprusting, plassering av nye næringsstiltak, bustadar/utbyggingsmønster, Stordal som reisemål.

Til hjelp for val av framtidig løysing av overordna vegsystem gjennom dalen, vedtok Stordal kommunestyre i sak K 46/01 at 3 alternativ, i tillegg til dagens trase, skulle utgreiast gjennom analyse. Konsekvensvurderinga av riksvegnettet gjennom Stordal vart gjennomført i 2002.

I 2001 vart det gjennomført **konsekvensvurdering av hyttebygging** i området av kommunen som utgjer delplan Utmark. Analysa vart gjort for å oppnå ei form for kvalitetssikring av utmarksområda. Analysa vart nytta i samband med rullering av delplan utmark i 2002.

Gjennom dei ymse analyseprosessane har ein søkt å klargjort kva konsekvensar tiltaka vil kunne få for miljø, naturressursar og samfunn. I prosessane har ein også oppnådd ei forholdsvis djuptgåande politisk drøfting kring tema vurdert i prosessen. Ein meiner såleis å ha eit forholdsvis godt grunnlag med omsyn på rullering av arealdelen.

Kommuneplanen sin arealdel består normalt av kart og bestemmelsar. Kartet viser dei arealbrukskategoriar som planen fastlegg. Bestemmelsane utfyller og utdjuvar den fastlagde arealbruken.

Gjennom arealbrukskategoriar har ein søkt å gi beskrivelsar av kva vurderingar som har ført fram til arealplan framlegget.

Etter at kommunestyret har vedtatt arealdelen med tilhøyrande føresegner er kartet bindande for arealbruken. I PBL § 20-6, pkt. 3 heiter det:

*"Når ikke annet er bestemt, gjelder kommuneplanens arealdel foran eldre rikspolitiske bestemmelser, reguleringsplan og bebyggelsesplan, men faller bort i den utstrekning den strider mot slike bestemmelser som senere blir gjort gjeldende."*

### 2.3 **Gjeldande reguleringsplanar.**

Reguleringsplanar eldre enn 10 år gjeld framleis, men den juridiske verknaden er utgått. Planar eldre enn 10 år kan til dømes ikkje nyttast direkte som ekspropriasjonsheimel. Liste over stadfesta og eigengodkjende reguleringsplanar er innarbeidd som påskrift på tekstfeltet på kartet.

### 2.4 **Disposisjonsplanar.**

Kommunen har godkjent ein del disposisjonsplanar for hyttebygging med heimel i §82 i bygningslova av 1965. Dette var ofte enkle planar som var avgrensa til ein utmarksteig eller delar av ein slik. Dei som ikkje var under utbygging når plan- og bygningslova vart sett i kraft, vart oppheva ved overgangsreglane. Disposisjonsplanar som var under utbygging gjeld framleis, men dei er stort sett utbygde no.

## 2.5 Reguleringsplanar og bebyggelsesplanar under arbeid.

Hyttfelt H49 Overøye  
Almennyttigeformål - Campingplass –A3- Overøye  
Hyttfelt H51 Lia/Overøye  
Hyttfelt H56 og H57 Langsætrane  
Hyttfelt H10, H13, H14, H15, H41 og H42 Almås  
Hyttfelt H 24 og H25 m/naust, kai og hamn Vidhammer

## 2.6. Arealdelen sin verknad på eldre planar.

Rettsverknaden av kommuneplanvedtak inneber ikkje at eldre reguleringsplanar vert oppheva, men at rettsverknaden av den gamle planen vert sett til side. Førset arealdelen at eldre planar skal opphevast, må kommunen gjennomføre det etter reglane i PBL §28-1.

## 3. MÅL OG RETNINGSLINER.

### 3.1 Kommuneplanen sine mål og retningslinjer.

Plan- og bygningslova, kap. VI, omhandlar kommuneplanlegging. Kommunestyret skal gjennomføre ei samla vurdering av kommuneplanen minst ein gong i kvar valperiode.

Arealdelen skal sikre areal til dei tiltaka som er naudsynte for at kommunen skal nå måla i kommuneplanen, i tillegg skal planen stadfeste eksisterande og framtidige tiltak av nasjonal, regional og lokal art.

## 4. AREALBRUKEN.

### 4.1 Bustadområder.

Ved rulleringa av arealdelen i 1995 vart det rekna med om lag 7-8 nye bustadar pr. år i kommunen. Dei siste åra har diverre byggeaktiviteten i kommunen stagnert ein del. Aktiviteten pr. 2002 var såleis redusert til om lag 2-3 bustadar pr. år.

Den overvegande delen av nybygginga i åra framover er antatt å ville skje innan felt.

Som grunnlag for utarbeiding av ein sentrumsplan for Stordal og også som grunnlag for ei drøfting/vurdering av busetjingsmønsteret i sentrum av kommunen, vart det i 1998 gjennomført stadanalyse av nedre del av Stordal.

I høve busetjingsmønsteret fekk ein ei god politisk drøfting av m.a mogleg fortetting, utnytting av infrastrukturen, gode buareal for både gamal og ung, eit meir levande sentrum over eit 20-års perspektiv.

I stadanalyse under temaet *Bustadar/fortetting/utbyggingstruktur* er det tilrådd å konsentrere utbygging i to klynger, for å forsterke Stordal sin identitet. Dette blir i analysa omtalt som "sentrumsklynga" og "skulesklynga".

Ut frå dagens forholdsvis lave byggeaktivitet har ein i denne rulleringa av arealdelen konsentrert seg om "sentrumsklynga" og at "skuleklynga" kan ein ta fore seg ved seinare rulleringar.

I 2002 gjennomførte kommunen i tillegg ei konsekvensvurdering for riksvegalternativ gjennom Stordal sentrum. Bakgrunnen for vurderinga var behovet for val av framtidig løysing av overordna vegsystem..

Kommunen har ei liberal haldning til spreidd utbygging. Gjennom ein aktiv bruk av regelverket for LNF-områda er det såleis klarert ut ja-soner med retningslinjer for lokalisering av spreidd bustadbygging. Gjennom sonedelinga i LNF-området peikar planen ut område der ein meiner trongen for bygging er størst. (Spredd bolig- og næringsbebyggelse).

Det er såleis lagt opp til at den som vil bygge kan velje fritt mellom bygging i felt eller i ja-soner (A-soner).

Landbruksstyresmaktene har elles signalisert at jordbruksareal som er inneklemd i tettstadsareal lettare skal kunne omdisponerast mot å kunne leggje eit sterkare vern på areal lenger unna.

#### 4.1.1 Dyrkorn.

Bustadfelt innarbeidd i arealdelen:

Namn bustadfelt	Tidl. godk. i areald	Omsøkt i rull.areald.	Stipulert antall tomter
Gjerde	7-9	0	7-9

Byggeklare tomter i regulert felt:

Navn bustadfelt	Antall tomter i feltet	Ledige tomter i feltet	Tomtereserve
Rasmusreiten (BV27)	3	2	2
Dyrkorn bustadfelt (BV28)	3	0	0
<b>Ledige tomter</b>			<b>2</b>

Elles er det i regulert område på nedre Dyrkorn mulig å renovere/innpasse fleire bueiningar, jfr. reguleringsplan.

#### A-sone:

*Gjennom A-soner er det av sektorstyresmakter gitt høve til oppføring av spreidd nærings- og bustadbebyggelse i tråd med PBL §20-4, 2.ledd. I arealbruksbestemmelsen er det sett krav om lovleg byggeavstand til offentleg veg, at eksisterande avkøyrsløse til riksveg skal nyttast og at utbygging som inneber busetnad med grupper på 3 eller fleire bustadar utløyser krav om bebyggelsesplan.*

A-sone Dyrkorn som låg inne i arealplanen godkjent i 1995 er redusert til eit område på nordsida av kommunevegen aust for Novasvingen og 2 område på kvar side av Bygdavegen nord for vegskilje til Dyrkornstølen. . Denne endringa er gjort utifrå at tidligare A-sone låg mykje i svært bratt terreng i nedre delen av bygda.

A-sone	Antall tomter	Grunnkjøp/byggesel	Andre merknadar
Aust for Novasvingen	2	Må avklarast med grunneigar	
Nord for vegskilje til Dyrkornstølen	Ca. 4	Må avklarast med grunneigar	1 frådelt bustadtomt inngår i sona

For alle A-soner gjeld at evt. skredfarevurdering må gjennomførast før byggeløyve blir gitt.

#### 4.1.2 Stordal.

Bustadfelt innarbeidd i arealdelen:

Navn bustadfelt	Tidl. godkjent i areald.	Omsøkt i rull.areald.	Stipulert antal tomter
Grigås røbbane (BV23)	50-60	0	50-60
Kirkebøe gnr.130 bnr. 1 (BV24)	2	0	2
Moe gnr.136 bnr. 6 og 7 (BV25)	6-8	0	6-8 <sup>1)</sup>

<sup>1)</sup>Feltet på Moe er på ca. 30 daa. Ein har foreløpig stipulert 6-8 tomter. Antallet kan aukast utifrå avsatt areal. Dette kan gjerast ved behov ved seinare rulleringar. Elles har ein samla feltet på framspringet nord for vegskillet til Overøye. Ut frå beliggenheita til tidligar innkjøpt areal til bustadforemål lenger aust, har ein tatt dette ut som bustadareal, og lagt det inn som LNF-foremål.

Byggeklare tomter i regulerte felt:

Navn bustadfelt	Antall tomter i feltet	Ledige tomter i feltet	Tomtereserve
Hovslia bustadfelt (BV15)	37	2	2
Hovshjellane b.f (BV16)	28	1	1
Vinjehj. b.f. (BV17)	37	5	5
Øvrebust bustadf. (BV18)	18	2	2
Røbbane bustadfelt(BV19)	14 +17 <sup>1)</sup>	14+17 <sup>1)</sup>	14 + 17 <sup>1)</sup>
Hovsstranda b.f. (BV20) (BV20)	11	0	0
Vinje Øvre (BV21)	8	0	0
Midtbust (BV22)	8	1	1
<b>Ledige tomter/bueiningar</b>			<b>25 tomter + 17 bueiningar i rekkehus</b>

<sup>1)</sup> Under Røbbane bustadfelt er det i tillegg til 14 tomter til ein- og tomannsbustadar, 17 bueiningar i rekkehus.

Regulerte bustadareal i sentrumsplan, krav om illustrasjonsplan før utbygging (private grunneigarar):

BV= område for einebustad; BK= område for konsentrert utbygging; B/F/K= område for bustad/forretning/kontor

Navn bustadområde	Ca. antall dekar bebygd/ubebygd	Ca. ledige tomter	Ca. tomtereserve
BV1 (Øvre Vinje)	3,1/2,6 daa	3	3
BV2 (Sentrum Hove)	0,8/0 daa	0	0
BV3 (Sentrum Hove)	0,5/0 daa	0	0
BV4 (Sentrum Hove)	2 /0 daa	0	0
BV5 <sup>1)</sup> (Vinje nord)	0/2,5 daa	3	3
BV6 (Vinje nord)	2,6/0 daa	0	0
BV7 (Vinje vest)	1,7/5,8 daa	5-7	5-7
BV8 (Vinje)	6,9/0 daa	0	0
BV9 (sentrum Hove)	2/ 1,9 daa	2-3	2-3
BV10 (sentrum Hove)	1,7/0 daa	0	0
BV11 (Vinje sør)	3,8/0 daa	0	0
BV12 (Vinje sør)	5,8/0 daa	0	0
BV13 (Vinje sør)	1,4/0 daa	0	0
BV14 (Vinje aust)	1/0 daa	0	0
BK1 <sup>1)</sup> (sentrum Hove nord)	0/5,6 daa	10-12 bueiningar	12-15 bueiningar rekkehus
BFK (sentrum Hove)	7 områder; tilsaman 23,4 daa.	Kombinasjonen B/F/K gjer det vanskelig å stipulere antall bueiningar	usikkert
<b>Ca. ant. ledige tomter/ bueining. i sentrumspl.</b>			<b>13-15 bustadtomter + 12-15 bueiningar i rekkehus</b>

For byggeområda i sentrumsplan er det i føresegnene bestemmelsar om at det før opparbeiding skal utarbeidast illustrasjonsplan.

<sup>1)</sup>

I reguleringsføresegnene til sentrumsplanen (1999) heiter det at det i BV5 og BK1 med tilhøyrande tilkomstveg ikkje skal igongsetjast byggearbeid før evt. framtidig riksveg er fastlagt i arealdelen i kommuneplanen.

Gjennom seinare utført konsekvensvurdering (2002) for framtidig riksvegtrasé er det konkludert med at framtidig trasé i overskødeleg framtid skal fylgje dagens trasé gjennom sentrum med MPG-opprusting. Konklusjonen her er såleis samanfallande med konklusjonen i stadanalysa gjennomført i 1998.

Ut frå vurderingar som er gjort under "8 Vegar" er BK1 og BV5 innpassa i arealdelen.

#### A-sone:

*Gjennom A-soner er det av sektorstyresmakter gitt høve til oppføring av spreidd nærings- og bustadbebyggelse i tråd med PBL §20-4, 2.ledd. I arealbruksbestemmelsen er det sett krav om lovleg byggeavstand til offentleg veg, at eksisterande avkøyrsløse til riksveg skal nyttast og at utbygging som inneber busetnad med grupper på 3 eller fleire bustadar utløyser krav om bebyggelsesplan.*

A-sone	Antall tomter	Grunnkjøp/byggesel	Andre merknadar
Kvammen	2-3	Må avklarast med gr.eigar	Sona er redusert <sup>1)</sup>
Vad	2-3	Må avklarast med gr.eigar	
Løset	2-3	Må avklarast med gr.eigar	Eitt bustadhus oppført
Ekre	2-3	Må avklarast med gr.eigar	
Støle/Lianes	2-3	Må avklarast med gr.eigar	
Almås	2-3	Må avklarast med gr.eigar	

1)

A-sone i Kvammen er redusert bl.a. ut frå forholdet til Stordalsvassdraget som inngår i verneplan for vassdrag. Ein viser i den samanheng til Rikspolitiske retningslinjer for verna vassdrag av 10.nov.1994.

*For alle A-soner gjeld at evt. skredfarevurdering må gjennomførast før byggeløyve blir gitt.*



## 4.2 Næringsareal.

### Regulert areal.

I Stordal er hovuddelen av næringsarealet lokalisert i og rundt sentrum. Med unntak av eit areal på om lag 7 daa aust for Hove Møbler AS, så er i hovudsak industriarealet i sentrum utbygt. I sentrumsplanen godkjent i 1999 er det i sentrumsområdet lagt til rette for "Blanda Formål" dvs. Bolig/forretning/kontor i kombinasjon. Samla areal her utgjer om lag 23 daa med utbygd/ledig areal.

På Dyrkorn er alt næringsareal samla ved sjøen, sør for Dyrkornelva.

Blanda formål Bolig/Forretn./Kon- tor (B/F/K)	Industri (I)	Bensinst/Hotell/For- retning (S)	Antall dekar utbygt/ledig	Merknadar
B/F/K 1 -Hove			0 /2,9	Privat gr.eigar
B/F/K 2 -Hove			0,8/0	Privat gr.eigar
B/F/K 3 -Hove			3,5/0	Privat gr.eigar
B/F/K 4 -Hove			2,5/8	Privat gr.eigar
B/F/K 5 -Hove			1,2/0	Privat gr.eigar
B/F/K 6 -Hove			1,0/0	Privat gr.eigar
B/F/K 7 -Hove			2,3/1,2	Privat gr.eigar
	I1 -Hove		16/0	Privat gr.eigar
	I2 -Hove		3,2/0	Privat gr.eigar
	I3 -Hove		8,4/0	Privat gr.eigar
	I4 -Hove		28/10	Privat gr.eigar
	I5 -Vinjesanden		25/28 <sup>1)</sup>	Kommune
	I6 -Dyrkorn		4/2	Privat gr.eigar
		S1 -Hove	2/3,6	Privat/kommune
<b>Sum utbygt/ledig næringsareal</b>			<b>98/56 daa</b>	

1)

I reguleringsplanen for Vinjesanden industriområde er det i arealdelen gjort forslag om formålsendring av ca. 10 daa frå industriavfall til industri.

### I arealdelen.

Ved industriområdet Vinjesanden er det frå før i arealdelen avsatt eit industriareal på 11 daa.

I framlegg til revidert arealplan er det gjort forslag om endring av tilkomstveg til Vinjesanden industriområde ved vidareføring av den kommunal veg til Hove Møbler AS sørover. Dette for å redusere gjennomgangstrafikken forbi Stordal Camping og Småbåthamna. I den samanheng er det innpassa eit industriareal på om lag 11 daa mellom Hove Møbler AS og Storelva.

Lokalisering av industriareal	Tidligere godkjent/omsøkt i arealdelen	Merknad
Vinjesanden (I7)	Ca. 11/0 daa	Intatt i rull. I 1995.
Hove gnr.127 bnr.7/aust for Hove Møbler AS (I8)	Ca. 0/7 daa.	Jfr. skriv frå grunneigar om forslag til sal.
<b>Sum industriareal avsatt i arealdelen</b>	<b>Ca. 18 daa.</b>	

## 4.3 Andre næringsområder

### 4.3.1 Reiseliv/camping

C0. Stordal Camping.

Stordal Camping er vist som spesialområde. Området utgjer eit areal på om lag 15 daa.

Aust for Stordal camping, på gnr.127 bnr.7 aust til eks. gardsveg, er det innarbeidd arealreserve til plassen på om lag 10 daa.

#### 4.3.1 Område for råstoffutvinning.

##### "Steinbrotet"

Massetak som dagbrot av fjell/stein. Arealbruken i tråd med tidlegare arealbruk i arealdelen.

##### Øvrebust.

Massetak som dagbrot av grus/sand. Arealbruk i tråd med tidlegare arealbruk i arealdelen.

##### Storheim.

Massetak som dagbrot av grus/sand. Arealbruk i tråd med tidlegare arealbruk i arealdelen.

##### Moe.

Massetak som dagbrot av grus/sand. Arealbruk i tråd med tidlegare arealbruk i arealdelen.

#### 4.4 Fritidsbygningar

##### Naust.

Dyrkorn.

I reg. plan for nedre Dyrkorn er det nord for elva avsatt område for om lag 4-6 nye naust.

Antall eks. naust	Antall nye naust	Eigedomsforhold	Merknad
12	4-6	Privat grunneigar	

Stordal.

I Stordal småbåthamn er det bygd 26 enkle naust, 13 dobbel naust og 2 trippel naust. Tilsaman er det utbygd 58 naustplassar. 8 enklenaust i reguleringsplanen er ikkje utbygd.

I gjeldande arealplan er det i Stølevika sør for Storelva innarbeidd 30 enkeltnaust. Tilkomst er tenkt ved bru over elva like aust for Småbåthamna.

Enkle naust utbygd	Store enkle naust utbygd	Dobbel naust utbygd	Trippelnaust utbygd	Ledige tomter enkle naust små/store	Enkle naust i Stølevika sør for Storelva	Merknad
26	2	13	2	5/3	30	

##### Hytter.

I 2001 vart det gjennomført ei konsekvensvurdering av hyttebygging i delar av Stordal kommune. Den danna grunnlag for vurdering av hyttebygging i delplan utmark, som vart godkjent i Stordal kommunestyre i april 2002.

Det har og kome inn enkelte ynskje om hyttebygging utanfor området som er omfatta av delplan utmark. I arealdelen har vi lagt inn hytter slik:

Namn hytteområde	Tidl. godkjent i arealdelen	Omsøkt i rull. arealdelen	Innpassa i arealdelen	Skredfarevurd. er ikkje gjort, må vurderast
Lien, gnr.118 bnr.1	0	1	2-3	ja
Ytre-Sæter, gnr119 bnr.1	0	1	2-3	ja
Gjerde, gnr. 122 bnr.2	0	15-20	15-20	nei
Trolhaugen v/Gjerdsstølen Dyrkorn (tidl. B-sone)	5-10	0	5-10	ja
Vest for Vikastølen, Dyrkorn	5-10	0	5-10	ja
Dyrkorn Nedre gnr.117 bnr.1	0	Utleiehytter <sup>1)</sup>	3-5 utleiehytter	nei
Moe, gnr.136 bnr.7	0	5	3	ja
Jøsvoll, gnr.137	0	1	2-3	ja

bnr.2				
Lianes, gnr.141 bnr.1	0	2	2-3	ja
<b>Sum</b>			<b>39-56</b>	

1)

På gnr.117 bnr.1, aust for Smihammaren mellom gamle riksveg 650 og sjøen, er det innlagt eit område for 3-5 utleiehytter.

#### 4.5 Skule og undervisning

Det er i dag ein barnehage i kommunen, som vert dreven av Stordal kommune. Andershaugen barnehage har i dag 45 plassar. I arealdelen er det lagt til rette for arealutviding mot aust.

Innan skule har ein ikkje fått signal om ytterligare arealbehov i perioden.

#### 4.6 Offentleg administrasjon

I sentrumsreguleringa er det avsatt eit område på 1,8 daa til administrasjonsbygningar der kommunehuset er plassert. Ein har ikkje mottatt signal om ytterligare arealbehov.

#### 4.7 Helsevern og sosial omsorg

Innan helse- og sosial omsorg har ein ikkje fått signal om nye arealbehov i perioden. I reguleringsplanen for m.a. området Stordal alders- og sjukeheim må likevel gjerast mindre korrigeringar for tilpassing av planlagt utbygging.

#### 4.8 Kyrkje og kultur.

Dagens kyrkjegard er på 6-7 daa. Etter signal ein har mottatt vil dette dekke arealbehovet i lang tid. I tilfelle utviding er det naturleg nordover på tilgrensande jordbruksareal.

I samband med sentrumsreguleringa klaga Møre og Romsdal fylkeskommune, ved skriv av 24.06.1999 på eigengodkjenninga av reguleringsplanen for det området av BV7 som ligg på nordsida av "kvernhuskanalen" dvs. den delen av Sagnet I og II som ligg innanfor BV/. Klaga er grunngitt med funn av "godt bevarte restar av ei større gravrøys" på området. Etter ynskje frå fylkeskommunen er området regulert til spesialområde vern. (nordvest for Vinje "hotel")

#### 4.9 Idrett.

Grunneigar ved Kirkebø stadion har sagt ja til bygging av parkeringsanlegg sør for Stordalshallen som dekkjer behovet for idrottsballen og stadion. Tilkomst over dagens veg til Stordalshallen.

Dette medfører at arealbruken i gjeldande arealdel blir korrigert slik at viste parkering aust for grusbana med tilkomst via veg til Kvammen blir erstatta av parkeringsanlegg sør for Stordalshallen og med tilkomst via dagens veg til Stordalshallen.

Ein viser elles til brev/innspel av 06.08.00 frå Stordal idrettslag der snuing/dreining av baneanlegga med lengderetning aust - vest og parkeringssituasjonen blir tatt opp.

Munnleg har ein fått stadfesta at m.a. dreining av baneanlegga var vurdert ut frå evt. framtidig riksvegtrasè sør for anlegget. Parkeringssituasjonen var tatt opp ut frå parkeringsanlegg med tilkomst frå veg til Kvammen. Ein meiner at dette no har fått si avklaring i rulleringa.

#### 5.0 LANDBRUKS-, NATUR- OG FRILUFTSOMRÅDER (LNF-områder).

Landbruksplanen som er under utarbeiding vil drage opp retningslinjer for utviklinga av jord- og skogbruk i kommunen, evt. temakart kan og bli utarbeidd på td. viktige kulturlandskapsområde, stølsområde. Landbruksplanen vil gå inn som ein del av kommuneplanen.

Innafor LNF-områda viser arealdelen klausulerte og bandlagde områder, dessutan A-soner (spreidd utbygging).

## 6. BANDLAGDE OMRÅDER

### 6.1 Kraftliner.

Dei viktigaste høgspenlinene er innteikna på kartet.

### 6.2 Transformatorstasjonar.

Areal, ca. 3 daa, på Øvrebust for planlagt utbygging av transformatorstasjon til Tafjord Kraftnett AS i 2007.

### 6.3 Naturreservat.

For desse områda gjeld eigne vernereglar.

### 6.4 Nedslagsfelt for vassverk.

#### 6.4.1 Øvrebust –Rikjenda.

Elva Rikjenda er avsatt som reservevasskilde i hovudplan for vassforsyning. Pr. dag fungerer Rikjenda som hovudkilde for vassforsyninga av Stordal sentrum. Sikringssone er vist på kartet.

#### 6.4.2 Kvammen.

Grunnvassbrønn i Kvammen er i hovudplan for vassforsyning hovudkilde for vassforsyning for nedre Stordal. Rundt grunnvassbrønnen i Kvammen er det avsatt 3 sikringssoner i samsvar med intensjonen i hovudplanen

## 7.0 VASSDRAG OG SJØOMRÅDER.

### 7.1.1 Stordalsvassdraget

Stordalsvassdraget inngår i Verneplan III. Det er lagt opp til ein arealbruk som ivaretek verneverdiane. Det er såleis lagt til grunn ein forholdsvis streng forvaltningspraksis langs elvestrengen: *For område nærare vassdraget enn 100 m er arbeid og tiltak nevnt i plan- og bygningslova §§81, 84, 86a, 86b og 93 samt frådeling til slike føremål ikkje tillatt. Forbudet rammer likevel ikkje tiltak som er nødvendig for utøvelse av primærnæringa.*

### 7.1.2 Sjøområda.

I samband med utlegging av planmaterialet til offentleg ettersyn, har Fylkesmannen i Møre og Romsdal og Fiskeridirektoratet region Møre og Romsdal, gjort motsegn til arealbruken på delar av sjøområda. På møtet med Fylkesmannen og Fiskeridirektoratet den 05.09.03 vart ein samd om at kommunen utarbeidar nytt utkast til arealbruk av sjøområda. Arealbruken av sjøområda blir å legge ut til nytt offentlig ettersyn på eit seinare tidspunkt. Det medfører at sjøområda ikkje inngår i framlegg til arealdelen i kommuneplanen.

## 8.0 VEGAR.

### 8.1.1 Riksveg 650 Stordal –Dyrkorn- Visettunnel.

Rassikring/utbetring av riksveg 650 mot Ørskog har hatt høg prioritet dei seinare åra. Byggesteg 2 – Dyrkorntunnelen står ferdig i juni 2003 og dermed er utbetringa av parsellen Stordal-Visettunnel fullført.

### 8.1.2 Riksveg 650 Stordal sentrum.

I samband med planprosessen for sentrumsreguleringa i 1999 var sentralt i diskusjonen behovet for ein omkøyringsveg kontra dagens trasè som framtidig riksveg.

I reguleringsplan for sentrum er det på nordsida av Lilleelva restriksjonar på byggeområda BV5 og BK1. I restriksjonen heiter det: *"I området BK1 og BV5 med tilhøyrande tilkomstveg skal det ikkje igongsetjast byggearbeid før evt. framtidig trasè for riksveg er fastlagt i arealdelen i kommuneplanen..."*

På bakgrunn av denne problemstillinga, i høve til ei generell fortetting og ikkje minst på grunn av Stordal skule og Stordalshallen si plassering var det i reguleringsplanprosessen drøfta om omkøyingsvegen sin trasè frå sentrumreguleringa av 1978 var framtidretta.

I samband med lansering av eit hotellprosjekt ved Hovsbugen vart og riksvegføringa gjennom sentrum drøfta og der det vart lansert alternative løysingar til dagens trasè.

Ut frå ovannemte var konklusjonen at det var nødvendig å få vurdert framtidig trasè/alternative trasèar i samband med rullering av arealdelen.

Etter samråd med Statens vegvesen vart det gjennomført ei konsekvensvurdering på 4 ulike trasèar inkl. dagens trasè. Vegvesenet tilkjennega samstundes at med noverande trafikkgrunnlag –og slik dette venteleg vil bli i mange år framover- ville noverande riksvegtrasè med MPG (miljøprioritert gjennomkøyning) vere ei tilfredsstillande løysing.

Konsekvensvurderinga gjennomført i 2002 konkluderte med: *"Vår tilråding til kommunen er at riksveg 650 bør følge dagens trasè (Alternativ 1) gjennom Stordal i overskødeleg framtid, fordi ulempene med dei alternative traseane som er vurdert er større enn vinsten i vid forstand. Han vil fylle storsamfunnet sitt behov for transportkapasitet og –effektivitet. Opprusting i form av miljøtiltak vil kunne redusere dei relativt små miljøulempene som vegen representerer for lokalsamfunnet, og betre trafikktryggleiken. Desse tiltaka vil kunne gjennomførast gradvis, og delvis i samband med ordinært vedlikehald."*

I utfyllande merknader til konsekvensvurderingane for riksvegalternativa, skriv Statens vegvesen:

*"Som vi tidligare har uttalt vil ei vegomlegging i Stordalen vere lite aktuelt i den framtid vi har oversikt over, dersom det da ikkje skjer spesielle endringar som gjer at dagens veg må leggjast om.*

*Vi forutset no likevel at kommunen i plansamanheng held ope areal for ein korridor etter alternativ2 for den strekninga som ligg på nordsida av riksvegen. Ønskjer ein seinare ei justering av ei slik vegline kan ein kome tilbake til det. (Vi viser her til vedlagte skisse i vårt brev av 25. mars 2002.) Vi ser det ikkje som nødvendig å teikne inn ny vegline i kommuneplanen, då området er regulert til LNF-område og sikra mot gjenbygging på den måten. Kommunen må i si vidare planlegging og enkeltsaker ta omsyn til denne alternative korridoren."*

Ut frå konklusjonar gjort i Stadsanalyse for nedre Stordal i 1998 og konsekvensvurderingar for riksvegalternativ gjennom Stordal sentrum i 2002, merknadar til sentrumsreguleringa og innspel til rullering av arealdelen meiner ein å kunne konkludere med at det beste valet er å behalde dagens riksvegtrasè gjennom Stordal sentrum. Ei forutsening for dette trasévalet er likevel at parsellen frå Hovsbugen til Øvrebust får ei opprusting i form av miljøtiltak (MPG-løysingar), jfr.elles Stadsanalyse og Konsekvensvurdering.

For å sikre evt. spesielle trafikkmessige endringar i framtida har ein "lagt inn ein korridor" som delvis fylgjer alternativ 2 i konsekvensvurderinga, då frå Hovsbugen i vest til den møter eks. RV 650 i grensa mellom Midtbust og Øvrebust i aust. Med vising til utfyllande merknad til konsekvensvurderinga frå Statens vegvesen, datert 15.04.02, er korridoren vist som LNF-område.

Med vising til Stadsanalyse og Konsekvensvurdering og dei innspel ein har fått i prosessane meiner ein å ha oppnådd den beste løysinga totalt sett for Stordal sentrum når det gjeld framtidig riksvegtrase. Ut frå at dagens trasè er valt som framtidig trasè i overskødeleg framtid, meiner ein at det må gi opning for innpassing av både BK1 og BV5 i tråd med forslag i sentrumsreguleringa. Evt. konflikter i forhold til byggeline mot evt. ny riksvegtrasè i fjern framtid, må SFT sine retningsliner for støy- og luftforureing kunne løysast gjennom tiltak på traseen over den forholdsvis korte strekninga dette gjeld.

### 8.1.3 Fylkesveg 101 Mo-Overøye.

Ved siste opprusting av parsell Mo-Almås i 1999, har no heile vegstrekninga Mo Overøye fast dekke. Strekninga har rimeleg god standard. Gjennom trafikktryggingsplanen er det dessutan belyst problem og behov for tiltak på vegnettet. Gjennomføring vil skje etter løyvingar i økonomiplanen.

### 8.1.4 Kommunale vegar.

Gjennom trafikktryggingsplanen er det belyst problem og behov for tiltak på vegnettet. Gjennomføring vil skje etter løyvingar i økonomiplanen.

### 8.1.5 Lokale parkeringsplassar.

#### Rosekyrkja og bygdetunet.

I samband med besøkande til Rosekyrkja og bygdetunet, er det behov for større parkeringsareal. Statens vegvesen har peika på at det er uheldig å nytte bl.a. gang- og sykkelvegen i området som parkering. Vegvesenet gjer forslag om å opparbeide nødvendig parkeringsareal vest for Rosekyrkja.

Gjennom utleggingsperioden har ein fått fleire merknadar til plassering av parkeringsplass vest for kyrkja.

Etter nærare drøftingar med eigar av gnr.132 bnr 3 har ein innpassa parkeringsplassen aust for gardsveg til Midtbust og mellom riksvegen og elva. Ved frivillig grunnavståing stiller grunneigaren slike betingelsar:

- Midtbustvegen blir trekt austover på sørsida av elva, slik at ein får ein akseptabel avstand til bustadhus i vest.
- det blir bygd ny bruk over elva med god samankopling til eks. gardsveg nord for elva.
- eigar av bnr.3 får driftstilkomst over parkeringsplassen til jordbruksareal aust for park. plassen.
- eigar av park. plassen får vedlikehaldet av tilgrensande elvestreng mot park. plassen.
- om lag tilsvarende areal og bonitet blir tillagt hovudbruket gnr.132 bnr.3. (Kommunen har fått positive signal om at eit slikt makebyte vil kunne finne si praktiske løysing)

Forslaget er innarbeid i planen samtidig som parkeringsarealet vest for kyrkja er fjerna. Likeså har ein fjerna dagens parkeringsplass sør for bygdetunet, slik at ein får rein gangvegsfunksjon her den dagen parkeringsplassen aust for Midtbustvegen blir tatt i bruk.

#### Kirkebø stadion og Stordalshallen

Eigar av gnr.130 bnr.1 har stadfesta at han kan avstå parkeringsareal sør for Stordalshallen. Arealet skal dekke parkeringsbehovet ved idrett- og kulturarrangement. Tilkomst via eks. veg til Stordalshallen.